



Bistand frå Forsvaret til vaksinering i Vestland

Evalueringssnotatet byggjer på erfaringar, dialog undervegs i bistandsoppdraget og tilbakemelding i felles evalueringsmøte med HV-09, SAN sjø, Alver kommune, Øygarden kommune og oss.

Orientering om situasjonen

Laurdag 18. desember 2021 sendte vi ei oppmoding om bistand frå to vaksinasjonsteam frå Forsvaret til å hjelpe Øygarden, Askøy, Alver og Bjørnafjorden kommune med covid-19 vaksinering. Det enda med at det var Øygarden, Askøy og Alver som trengte bistand. Same dag stadfesta Forsvarets operative hovudkvarter (FOH) at kommunane ville få den etterspurde bistanden for perioden 3. til 15. januar.

Måndag 20. desember lagde vi, i dialog med kommunane, eit oversyn over ønskt støtte, og det vart delt med Forsvaret dagen etter. Dokumentet skisserte bistandsbehovet på eit overordna nivå. Forsvaret oppretta så direkte dialog med kommunane om dei konkrete oppgåvene.

Då kommunane fekk innvilga støtte var dei tydelege på at dei trengte den lengre enn til 15. januar. Kommunane sa at av omsyn til planlegging av vaksinasjonsarbeidet, trong dei ei rask avklaring av ei eventuell forlenging.

Etter ein del fram og tilbake vart det avklart at det var mogleg å forlenge bistanden, men at det måtte sendast ei ny skriftleg oppmoding om det. Det var då Øygarden og Askøy som ønskete bistand og vi sendte den nye oppmodinga tidleg 12. januar. Kvelden etter, to dagar før den pågåande bistanden skulle avsluttast, kom det tilbakemelding frå FOH via DSB om forlenging til 31. januar, men med reduksjon til eitt vaksinasjonsteam. Gjennom møte mellom HV-09, SAN sjø, kommunane og oss 14. januar, fekk vi fordelt støtta mellom dei to kommunane.

Særskilte tilhøve

Då det i desember vart opna for at Forsvaret skulle stille vaksinasjonsteam tilgjengelege for kommunane, vart det samstundes bestemt at dei ordinære rutinane for bistandsoppmoding (frå Statsforvaltaren til DSB som vidareformidlar til FHO), ikkje skulle nyttast. Frå 23. desember gjekk ein tilbake til den ordinære rutinen.

Evaluering – lokal handtering

Samhandling i Vestland

Alle aktørane som hadde ei rolle i arbeidet med bistanden i Vestland opplevde det lokale samarbeidet som godt.

Det var tett dialog mellom HV-09 og oss gjennom heile prosessen. Begge aktørane opplevde at vi gjennom den tette dialogen fekk på plass raske løysingar for å handtere behovet i fylket. På oppmoding frå HV inviterte vi HV-09 til statusmøte kvar tysdag mens bistandsoppdraget var aktivt. Dette fungerte godt, og gav oss høve til å ta ein «fot i bakken» saman. Det vert trekt fram som ein arbeidsmåte kan vere føremålstenleg ved seinare hendingar/oppdrag.



Samarbeidet mellom kommunane og oss fungerte òg godt. Ein av kommunane sa til dømes at dei opplevde Statsforvaltaren som lydhøyr for behovet i kommunane, og fleksible i oppfølginga av dei.

Kommunane opplevde òg eit godt samarbeid med Forsvaret med den praktiske (fysiske) bistanden. Det var enkelt å samarbeide med personellet frå Forsvaret, både på leiarnivå og «utøvande» nivå. Det vart av fleire opplevd som positivt på arbeidsmiljøet i vaksinasjonsriggane til kommunen.

Fleire trakk fram at det er ein fordel å kjenne kvarandre i «fredstid», før ein skal samarbeide i krise/krig. Statsforvaltaren vart oppmoda til å etablere samhandlingsarenaer der Forsvaret, kommunane og andre regionale beredskapsaktørar kan bli kjent med kvarandre.

Statsforvaltaren bør òg sjå på korleis kommunane vert kopla på arbeidet med Totalforsvaret. Samhandlingsmodellen som vert nytta i opptaksområdet til Helse Bergen, der enkelte kommunar er plukka ut til å representere alle i samhandlingsforum, vart trekt fram som eit døme på ein struktur kan nyttast. Samarbeidsavtale mellom Helse Bergen og kommunane i opptaksområdet finn ein her: <https://saman.no/samarbeidsavtalar/seravtalar/seravtale-til-tenesteavtalane-11-og-12-ved-pandemisk-influenta>

Kommunikasjon

Det kom nokre artiklar i media basert på intervju med personell frå Forsvaret, som media vinkla på ein måte som kunne gi eit inntrykk av at Forsvaret nærest hadde kome og redda vaksinasjonsarbeidet i kommunane. Enkelte tilsette i kommunane opplevde dei nærest som ei nedvurdering av den jobben dei hadde gjort over lang tid. Forsvaret er tydeleg på at det ikkje var meint slik frå deira side, og at dei var opptatt av å unngå at det vart skapt slike inntrykk i media.

Bistandsoppmodingar

Det er veldig skjeldan at både kommunane og Statsforvaltaren sender bistandsoppmodingar til Forsvaret. Det er viktig at dei vert utforma slik at dei er lette å innvilge og at Forsvaret kan stille med dei ressursane som er mest relevante og eigna for det aktuelle oppdraget. Dette vart diskutert i arbeidet med oppmodingane, men det er uansett eit viktig tema å diskutere før ein igjen står i ein situasjon der det er aktuelt å sende ei oppmoding.

Læringspunkt/oppfølgingspunkt

- Det er viktig å ha tett dialog og låg terskel for å ta kontakt med kvarandre når ein skal handtere slike oppdrag.
- Det er føremålstenleg å etablere faste statusmøte ved handtering av uønskte hendingar med mange involverte aktørar. Det bør òg vurderast om det bør etablerast faste møte mellom dei mest sentrale aktørane i Totalforsvaret (Statsforvaltaren, HV, politiet og Sivilforsvaret), for å sikre felles oppfølging og kjennskap.
- Statsforvaltaren må sjå på korleis kommunane skal koplast betre på arbeidet med Totalforsvaret.
- Statsforvaltaren bør legge til rette for samarbeidsarenaer (bruke eksisterande eller lage nye) der ein kan sikre at Forsvaret, kommunane og andre regionale beredskapsaktørar kjenner til kvarandre i «fredstid». Det vil bidra til enklare samhandling når ein står i handtering av ei uønskt hending.
- Det er viktig å diskutere korleis ein skal kommunisere rundt bistand/samarbeid. Ein bør til dømes på eit tideleg tidspunkt bli samde om bodskap og kven som utalar seg om kva.
- Utforming av bistandsoppmodingar bør vere tema i møte mellom Statsforvaltaren og HV.
- Statsforvaltaren bør sikre at kommunane får kjennskap til utforming av bistandsoppmodingar (t.d. ved å ha det som tema på kommunemøte).



- Statsforvaltaren bør i dialog med HV utarbeide eit tiltakskort for utforming og arbeidet knytt til bistandsoppmodingar til eige bruk og for utsending til kommunane. Her er det til dømes viktig å vere tydeleg på at det er kva oppgåver ein ønskjer hjelp til, ikkje kva type bistand (konkrete deler av forsvaret eller tal personell for å løyse ein bestemt oppgåve) som er viktig å få fram i oppmodinga. Dette er viktig fordi forsvaret kan ha andre typar ressursar tilgjengeleg enn dei kommunane kjenner til/ser for seg at er egna til å løyse oppdraget.

Evaluering – nasjonal handtering

Kommunane og helseføretaka har hatt stor belastning under heile pandemien. Eit viktig spørsmål har vore om det finst tilgjengeleg ressursar som kan gi støtte helse- og omsorgstenestene i kommunane. Helsedirektoratet etablerte relativt tidleg ei ordning med nasjonalt innsatspersonell. I desember 2021 vart det òg etablert ei meir kortvarig ordning med støtte frå helsefagstudentar til vaksinasjonsarbeid. Kommunane i Vestland har i svært liten grad fått til å nytte seg av desse ordningane.

Nasjonale styresmakter har forventa at Statsforvaltaren følgjer opp kommunane si kontinuitetsplanlegging. Vi har etterlyst ei nasjonal kontinuitetsplanlegging for moglege støtteressursar. Eit viktig spørsmål i så måte er kor alvorleg situasjonen må vere for at kommunane skal kunne forvente at Sivilforsvaret og Forsvaret skal kunne gi støtte.

Tilbod type om bistand

Då ordninga med vaksinasjonsstøtte frå Forsvaret vart etablert, var tilbakemeldinga frå kommunane i all hovudsak at dei hadde kontroll på vaksinasjonen, men at det var stort behov for hjelp innan andre deler av helse- og omsorgstenestene. Vi sendte t.d. ei oppmoding om bistand til drift av teststasjon og smittesporing i Bergen kommune, men den vart avslått.

Organisering av rutinar og system for bistandsoppmodingar

Då vaksinasjonsstøtteordninga vart etablert, vart det bestemt den ikkje skulle følgje det vanlege systemet for innsending av oppmodingar (via DSB til FOH). Det skapte ei stund litt forvirring at vi fekk ulike tilbakemeldingar om dette frå HV og DSB. Vi meiner at det er best å nytte etablerte system for å unngå misforståingar i ein pressa og stressa situasjon.

Betre tid å planlegge ville truleg kunne gjere det mogleg å utnytte enno betre den gode ressursen som Forsvaret representerte. Kommunane har hatt behov for ein langsiktig og føreseieleg planleggingshorisont i vaksinasjonsarbeidet. Det var difor utfordrande for dei å ta i mot tilboden om bistand når det kom med kort frist og for ein svært avgrensa periode. Det skapte òg noko frustrasjon og usikkerheit i planlegginga at det så tok lang tid å avklare om Forsvaret ville halde fram med bistanden etter 15. januar.

Innleiingsvis vart det òg opplevd at fordelinga av bistand vart noko prega av «første mann til mølla» og ikkje etter kvar behovet var størst. Det bør setjast ein frist for innmelding av behov, slik at behova kan vurderast samla og såleis unngå at den som tek kontakt først får bistand. Internt i fylket unngjekk vi dette fordi vi inviterte alle kommunane til dialog og vi kartla det behovet i fylket samla før vi sendte inn oppmodinga om støtte. Då den vart innvilga tok vi ansvar for fordelinga av dei tilgjengelege ressursane mellom kommunane som hadde meldt eit behov.



Læringspunkt/Oppfølgingspunkt

- Det er viktig at støtte i størst mogleg grad er basert på kva kommunane seier at dei faktisk har behov for.
- Så langt det er praktisk mogleg bør ein under kriser nytte etablerte rutinar og system for dialog og oppmodingar om støtte.
- Det er viktig at nasjonale sivile fagstyresmakter og Forsvaret syter for raske avklaringar av spørsmål om støtte. Det er også viktig å syte for at Statsforvaltaren og HV får god informasjon om status og framdrift i prosessane.
- Statsforvaltaren har ei viktig rolle med å koordinere behovet hjå kommunane i fylket, og for å sikre at nødvendig støtte vert gitt der det er størst behov og gir best effekt.